

## Reguleringsføresegner for Dagalid, del av gnr. 158 bnr. 7 , Vinje

### FØRESEGNER

#### § 1

Desse føresegnene gjeld for det området som er vist med reguleringsgrense på plankartet. Infrastruktur VVA, kablar o.l skal visast som vedlegg til planen

#### § 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

Byggeområde

Område for jord og skogbruk

Samferdsel ( veg komm.tekn. anlegg)

#### §3 BYGGGEOMRÅDE

##### HYTTER/ FRITIDSBYGG

a) Hytter skal plasserast som vist i plankartet. Mindre justering av hytteplasseringa kan gjerast av Vinje kommune.

b) Frittliggande hytter skal ikkje ha meir enn 100 m2 BYA (bygd areal).Bygningane skal ha saltak, mønehøgde maks.5,5 m. maks gesimshøgde 3,0 m over terreng. Grunnmur skal normalt ikkje vera høgare enn 0,8 meter over opphavelag terreng. Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar.Lafta tømmerbygningar kan nyttast.

Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 25 - 30 grader og tekkast med torv.

c) Det kan oppførast eit bygg som uthus/anneks. Dette skal ikkje ha meir enn 20 m2 BYA. Maks mønehøgde 4,5 m. maks gesimshøgde 2,5 m, Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar.Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Taket skal utførast som saltak med takvinkel på 25 - 30 grader og tekkast med torv.

e) Med byggesøknad skal det ligge situasjonsplan I mål 1:500 som syner:Tomtestorleik, plassering av bygningar og anlegg, intern veg parkering o.a

f) Eksisterande vegetasjon og terreng skal i størst mogeleg grad takast vare på. Felling av større tre skal skje i samråd med eigar av gnr. 158 bnr.7.

g) Mellom eventuelle verandapillararar skal det gjerdast mot beitedyr.

h) Det er ikkje tillete med gjerde eller flaggstenger.

#### § 7 SAMFERDSEL .VEG

##### 7.1 Opparbeidd privat veg,

Grusveg, b. 3,5m skal nyttast som tilkomstveg til hytter og eventuelle parkeringsplassar, til landbruks/skogbruksdrift og til kommunale oppgåver. Nabobustad nyttar same avkjøring frå fylkesveg. Skjerings- og fyllingsutslag kan koma inn på areal som ligg inntil regulert veg.

##### 7.2 Frisiktsone.( 4 x 100 m).

Frisiktsone skal haldast rein for lekamar, eller anna som kan hindre sikt og som er høgare enn 0,5 m. over tilstøytande veg.

##### 7.3 Annan veggrunn. Veggrunn langs fylkesveg.

#### §8 VATN OG AVLAUP

8.1 Område for vatn og avløpsanlegg. Her kan det oppførast minirensanlegg for området.

8.2 Fritidsbustader skal ha høg sanitær standard. Alle hytter i reguleringsområdet må knytast til felles anlegg.

8.3 Vassforsyning skal vera frå godkjent anlegg.

8.4 Ved utbygging , må det liggje føre avlaupsplan godkjent av Vinje kommune

#### §9 OMSYNSSONE D. KULTURMINNE

Bevaring bygg /anlegg

Før ein kan settje i gang tiltak i høve plan, skal det utførast arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna , kolgroper med id 129501, 129503 og 129505, som blir råka av tiltaket

Det skal takast kontakt med Telemark fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfanget av den arkeologiske undersøkinga kan fastleggjast.

#### §10 RENOVASJON

Hushaldsavfall vert tekje hand om av Renovest a/s gjennom tvungen renovasjonsordning. Hytteeigarar pliktar å levere avfall etter nærare tilvising frå kommunen eller renovatør.

#### §11 STRAUMFORSYNING, FIBEROPTIKK O.L

Alle typar kablar skal leggjast i grøfter i samsvar med leidningsplan for området.

#### § 12 REKKEFYLGJE

Avkjøyring må vera godkjend av Vegvesenet før utbygging kan ta til.

#### § 13 DISPENSASJON

Planutvalet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene innom ramma av Plan- og bygningslova.

#### §14 PRIVATRETTSLEGE AVTALER

Etter at planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen eller føresegnene.